

Stortingstidende

innholdende

147. Stortingsforhandlinger 2002–2003

Forhandlinger i Lagtinget

År 2002, tysdag den 1. oktober kl. 13.20 kom
Lagtinget saman.

Representanten Brit I. H. Andreassen tok ordet og uttalte:

Jeg vil anmode forrige lagtingspresident Lodve Solholm om midlertidig å lede Lagtingets forhandlinger.

Lodve Solholm (FrP) (frå salen): Dersom ingen har noko mot det, tek eg imot oppmodinga.

Lodve Solholm overtok deretter presidentplassen.

Presidenten: Fungerande president vil be sekretæren frå det førre lagtinget, Ingvild Vaggen Malvik, om mellombels å fungere som sekretær.

Referat

(1) Stortingets presidentskap melder at de innkalte vararepresentantene Mette Gundersen, Anette M. Solli, Erlend Normes, Morten Ørsal Johansen, Brit I. H. Andreassen, Henriette Westhrin og Per-Willy Amundsen er innvalgt i Lagtinget for den tid de møter for henholdsvis representantene Rolf Terje Klungland, Julie Christiansen, Øyvind Halleraker, Thore A. Nistad, Hans R. Kjæstad, Sigbjørn Molvik og Øyvind Korsberg.

Samr.: Blir lagt ved protokollen.

Val av presidentar og sekretærar

Presidenten: Det skal først veljast president og visepresident.

Når det gjeld val av president og visepresident, følger Lagtinget forretningsordenens § 4 femte og sjette ledd, som vart referert under Stortingets konstituering.

Fungerande president ber om framlegg til Lagtingets president.

Per Ove Width (FrP): Jeg foreslår Lodve Solholm.

Presidenten: Lodve Solholm er foreslått vald til Lagtingets president. Andre framlegg ligg ikkje føre. Det blir votert på vanleg måte.

Votering:

Framlegget frå Per Ove Width vart samrøystes vedteke.

Presidenten: Presidenten ber så om framlegg til Lagtingets visepresident.

Elsa Skarbøvik (KrF): Jeg har den glede å foreslå Odd Holten.

Presidenten: Odd Holten er foreslått som Lagtingets visepresident. Andre framlegg ligg ikkje føre. Det blir votert på vanleg måte.

Votering:

Framlegget frå Elsa Skarbøvik vart samrøystes vedteke.

Presidenten: Det skal så veljast sekretær i Lagtinget, og presidenten ber om framlegg.

Bjørn Jacobsen (SV): Jeg foreslår Ingvild Vaggen Malvik.

Presidenten: Ingvild Vaggen Malvik er foreslått som Lagtingets sekretær. Andre framlegg ligg ikkje føre. Det blir votert på vanleg måte.

Votering:

Framlegget frå Bjørn Jacobsen vart samrøystes vedteke.

Presidenten: Det skal så veljast *visesekretær*, og presidenten ber om framlegg.

Odd Holten (KrF): Jeg foreslår Dagrun *Eriksen*.

Presidenten: Dagrun Eriksen er foreslått som visesekretær. Andre framlegg ligg ikkje føre. Det blir votert på vanleg måte.

V o t e r i n g :

Framlegget frå Odd Holten vart samrøystes vedteke.

Presidenten: Lagtinget er no kome til val av første og andre varapresident. Presidenten ber om framlegg til *første varapresident*.

Per Ove Width (FrP): Jeg foreslår Thore A. *Nistad*.

Presidenten: Thore A. Nistad er foreslått som første varapresident. Andre framlegg ligg ikkje føre. Det blir votert på vanleg måte.

V o t e r i n g :

Framlegget frå Per Ove Width vart samrøystes vedteke.

Presidenten: Presidenten ber om framlegg til *andre varapresident*.

Odd Holten (KrF): Jeg foreslår Elsa *Skarbøvik*.

Presidenten: Elsa Skarbøvik er foreslått som andre varapresident. Andre framlegg ligg ikkje føre. Det blir votert på vanleg måte.

V o t e r i n g :

Framlegget frå Odd Holten vart samrøystes vedteke.

Presidenten: Lagtinget skal så til slutt velje *varasekretær*. Presidenten ber om framlegg.

Rune J. Skjælaaen (Sp): Jeg foreslår Åslaug *Haga*.

Presidenten: Åslaug Haga er foreslått som varasekretær. Andre framlegg ligg ikkje føre. Det blir votert på vanleg måte.

V o t e r i n g :

Framlegget frå Rune J. Skjælaaen vart samrøystes vedteke.

Presidenten: Dermed har Lagtinget konstituert seg, og det vil bli sendt melding til Stortinget og Odelstinget om dette.

Møtet slutt kl. 13.30.
